

REGISTRERING AV RINGGÅS VED FUGLEHUKFJELLET

6-12 JUNI 1998

INNLEIING

På oppdrag fra Sysselmannen på Svalbard og i samarbeid med Norsk Polarinstitutt, har undertekna besøkt Mosehjellen som ligg på vestsida av Fuglehukfjellet, lengst nord på Prins Karls Forland. Oppdraget er ein del av ei pågåande registrering av viktige rasteplassar for ringgås. Vi skulle telle eventuelle rastande ringgjess og om mogleg lese av kodar på individmerka gjess. Ettersom vi vart floge ut med helikopter, var det i tillegg råd å foreta ei telling av rastande gjess langs vestkysten av Forlandet.

FLYTELLING

Vi flaug mot nord etter å ha plukka opp Bergstrøm og Roberts parti i Vårsolbukta. Det vart nytta eit Bell 212 til oppdraget. Havet sør og vest av Forlandet var isfritt, men Forlandet var heilt snødekkja nord til Tvihyrningen. Dette gjaldt også Plankeholmane og Forlandsøyane. Fra Tvihyrningen og nordover er sletta mellom fjell og sjø 0-3 km brei. Vi flaug i om lag 60 kn. og heldt ei høgd på 200 ft. Når sletta var smal gjekk vi like utfor kysten og talde fra styrbord side, medan vi flaug midt over sletta der ho var breiare. Då kunne vi telle fra begge sider. Det var få område kor beitemarka var bar for snø, men ved Tvihyrningen og under Sutorfjella ved Kapp Sietoe såg vi ein del bar bakke. Her hadde vi også dei fleste observasjonane. Ved Stormneset avslutta vi flytellinga og gjekk iengre fra land for ikkje å forstyrre ved Fuglehukfjellet.

Flytellinga gav følgjande observasjonar:

- 41 ind. kortnebbgås med flokkfordeling 4+2+1+4+20+2+8
- 23 ind. kvitkinngås med flokkfordeling 15+3+5
- 94 ind. ringgås med flokkfordeling 20+30+10+4+8+6+16

For ringgås var ein stor del av observasjonar ved Tvihyrningen. Der talde vi 60 individ.

Det var vanskeleg å få ei korrekt oversikt med *ei* overflyging. Vi meiner at resultatet kunne vore betre om det vart nytta ei mindre maskin kor tellinga kan skje fra framsetet. I dette tilfellet hjalp pilotane oss med ein del varsel om fugl på bakken og med ein del posisjonar på kartet. Det bør brukast handkikkert med stort synsfelt og det er viktig med eigen sekretær/kartlesar.

METODE

Losji og samband

På Fuglehuken budde vi i Norsk Polarinstitutt (NP) si hytte ved fyren. Ho var praktisk og ideelt plassert for vårt oppdrag. Vi hadde dagleg kontakt med forskningsstasjonen til NP i Ny Ålesund med VHF radio. Dette fungerte greitt.

Verforhold

Verforholda under oppholdet var veileigna for å gjere observasjonar, bortsett fra to dagar med ein del vind og snø. Det var då vanskelegare å lese av ringar, men totaltellinga gjekk likevel greitt. Temperaturen varierte mellom -1 til $+7^{\circ}\text{C}$.

Arbeidsområde og framgangsmåte

Terrenget vi arbeidde i var rimeleg oversikteleg og lett å gå i. Det tiltenkte arbeidsområdet var Mosehjellen som strekk seg fra Fuglehuken og om lag 5 km sørover. Figur 2 viser kart over området. Det er det 0–500 meter breie vegetasjonsbeltet på flatene under fjella som er veileigna som beite for gjessa. Mykje av området var snødekkda då vi kom fram, men smeltinga var kraftig den tida vi var der. Landkallen var mellom 2-6 meter høg og var opp til 100 meter brei. På grunn av hekkande kortnebbgjess under fjella gjekk vi på landkallen så mykje som råd. Han gav også ein del gode observasjonspunkt. Det må dessutan nemnast at delar av landkallen kollapsa dei siste dagane.

Vi la opp tellinga slik at vi først fekk eit overblikk over talet på fugl i flokkane, og deretter prøvde vi å nærma oss for å kunne avlese ringar og eventuelt avgjere talet på 2K individ. Vi gjekk gjennom observasjonsområdet ein gong i døgnet. Ettermiddag og kveldstid var best eigna med tanke på lysforholda. Turane tok mellom fem til ti timar. Arbeidet var tidkrevande ettersom gjessa var sky og hadde stor aktivitet, med korte flygingar mellom dei ulike beiteområda. Desse beiteområda var relativt avgrensa, eit lite område nær Fuglehuken, to mindre nesten samanhengande område midt på og eit større, om lag 1,5 km langt, område heilt i sør. Sjå figur 2. Det gjekk også med tid til å ta oss forsiktig forbi kortnebbgjessa sine reir, som til tider låg heilt nede ved sletta. Dei første dagane var det mange beitande kortnebbgjess og vaktande hannar som flaug ut, men det verka som om dei vende seg til oss etter nokre dagar. Ei hoe som forlot reiret første dagen vart resten av dagane liggande då vi passerte.

Hjelpemiddel


Vi brukte gode handkikkertar (8x42 og 10x42) og i tillegg to teleskop, det eine med 20-60X okkular. Det viste seg å vere heilt nødvendig med 60X då vi sjeldan kom nærare gjessa enn om lag 150 meter. Vi nytta også handtellar og peilekompass i arbeidet. For å dokumentere litt av arbeidet har vi også fotografert ein del.

RESULTAT

Ringgås

Daglege tellingar

Gjessa beita i flokkar på 2-134 individ, og dei fleste flokkane inneheldt 30-80 individ. Nokre av flokkane vart oppdaga på avstand opp til 3 km, medan andre bare 100 meter i fra. Det var til tider vanskeleg å fastsetje det totale talet på gjess per dag ettersom flokkane flytta, blanda og spreidde seg. Ved vendepunktet i sør kunne vi fastslå kor mange som hadde flogne ut av området sørover, og ved returen kontrolltelde vi dei vi smaug oss forbi. Vi kjenner oss på denne måten trygge på at ingen gjess er talde to gongar, så våre tal er minimumstal og er svært sikre. Vi vil understreke at tala truleg ville vore merkbar større om vi hadde hatt full kontroll på alle flokkar som drog ut av området. Minimumstala er gitt i figur 1



Figur 1: Daglege minimumstal for Ringgås ved Mosehjellen 6-12 juni 1998

Avlesing av koderingar

Det var etter måten enkelt å sjå om fuglane var merkte dersom vi var nærare enn 200 meter, sjølv om dette kunne ta lang tid. Å ta stilling til kor stor del av dei talde fuglane som er kontrollert for ringar er vanskeleg, men vi kjenner oss trygge på at $\frac{3}{4}$ er det. Resultata er gitt i tabell 1 lengst bak

Trekk i nordvestleg retning

*Under arbeidet registrerte vi også to interessante trekk ut fra området. Den 10 juni, kl 13:30, flaug 22 ind. i kompassretning 310 ° og kl. 19:00 flaug 26 ind. i retning 295°. Vi følgde begge flokkane i om lag 10 minutt, og handpeilingskompass gav retninga (vi har ikkje tatt omsyn til missvisinga). Vi synest i denne samanheng at det er verdt å nemne nokre observasjonar gjort av Ludvig Munsterhjelm 12. juni 1910. Den finske zoologen besøkte då Forlandsøyene og såg *dagligen stora flockar av dem (ringgås) flyga från dessa*

öar samt, efter några svängar hit och dit, draga i väg norrut, och mot nordväst.
(Munsterhjelm: En sommar i norra ishavet. Stockholm 1911)

Ungfugl

Vi prøvde også å telle delen 2K individ i flokkane. Det var sjeldan tid eller forhold for å gjere dette, men nokre tellingar fekk vi gjort. Resultata er vist i Tabell 2.

Tabell 2: Del av 2K ringgåsindivid i ein del beitande flokkar

Dato	Flokkstorleik	adult	2K	% 2K
9 juni	5	4	1	20
9 juni	6	5	1	17
9 juni	8	3	5	63
9 juni	18	13	5	28
10 juni	7	5	2	29
10 juni	32	21	11	34
10 juni	18	12	6	33
11 juni	35	22	13	37
Totalt	129	85	44	34

Talet og storleiken på vingebanda varierte mykje på dei vi avgjorde til 2K.

Fargevariantar

Vi vil også ta med at ein del av fuglane verka mykje mørkare enn fleirtalet. Dei mørke individa var mest så mørke som underart *bernicla*. Vi forventar at underart kan avgjerdast fra fotografia vi tok.

ØVRIGE REGISTRERINGAR

1) GJESS

Kvitkinngås

Kvitkinngjess vart observert alle dagar. Flokkar fra 2-20 vart sett, men totalen var låg, mellom 10-50 ind. per dag. Kvitkinngåsa var sky og forflytta seg ofte. Av gjessa vi såg på bakken var ingen merka. Nokre trekk vart sett i retning rett nord og mot nord-aust.

Kortnebbgås

Hekkande fugl

Fuglehukfjellet er som kjend ein viktig hekkeplass for kortnebbgås. Vi skulle gjerne ha tald reira vi såg i fjellsida. Dette kan gjerast med bruk av teleskop fra stranda/landkallen. Vi gjorde eit forsøk på dette for eit 250 meter langt fjellparti og såg då 45 rugande individ og 25 beitande/vaktande. På det meste såg vi 47 kortnebbgjess i lufta samtidig. Eit "avklippa" hovud med hals vart funne nede i snøen på landkallen.

Halsmerking

Vi såg følgjande halsmerka kornebbgjess: 6 juni: **T 65** beitande
7 juni: **Y 14** rugande
9 juni: **L 10** rugande
11 juni: **U 23** rugande

Grågås

Eitt individ vart sett i lag med kortnebbgjess den 9 juni og den 12 juni.

2) FUGLEFJELLA

I fuglefjella såg vi dei forventa artane **polarlomvi, alkekonge, krykkje og havhest**. Spreitte observasjonar av **lomvi, lunde og teist** vart også gjort.

3) ØVRIGE DAGLIGE OBSERVASJONAR

Ærfugl

Ærfugl var ein vanleg art i området, og 6 juni såg vi om lag 250 ind. Utover dette gjorde vi ikkje tellingar av arten.

Fjæreplytt

Om lag 60 ind. vart sett dagleg i arbeidsområdet. Vi såg aldri fleire enn seks individ i lag. Det vart heller ikkje observert spelflukt, men ein del kurtise vart sett.

Tjuvjo

Tre til fire par tjuvjo hadde tilhold i området. Vi observerte ulike fargevariantar. Det vart sett eitt ind av mellomvarianten og to av den mørke. Den 8 juni vart det sett ein tjuvjo som forfølgde ringgås utover havet.

Polarmåke

Arten var vanleg på havet og i fjellet som aktiv predator. 27 kvilande vaksne ind. vart sett heilt sør i området. Dette var den største samlinga vi observerte. Eitt 2K og eitt 3K ind. vart observert.

Snøspurv

Minimum 20 par snøspurv vart sett dagleg.

4) ØVRIGE FÅTALLIGE ARTAR

Havelle 9 juni: 2 hoer og 1 hann, kvilande på vatnet

Rype Einslege spor vart observert to gongar

Sandlo 10 juni: 2 obs. av enkeltindivid, overflygande

Myrsnipe	8 juni: 2 obs. av enkeltindivid, fødesøkande
Steinvender	11 juni: 2 obs. av enkeltindivid, overflygande 12 juni: 1 ind. beita i jord under krykkje-hyller
Storjo	8 juni: 1 ind. 10 juni: 3 obs. av enkeltindivid 12 juni: 2 obs. av enkeltindivid

Eitt individ tok polarlomvi i lufta ute på havet den 10 juni.

Ismåke	10 juni: 1 adult, kom fra sør
Raudnebbterne	7 juni: 2 ind., kom fra sør 8 juni: lyd høyr 10 juni: 10 ind., kom fra sør

5) PATTEDYR

Polarrev

Vi såg ferske spor etter polarrev og 3-5 ind. kvar dag. Minst 7 ulike ind. hadde tilhold i fjellet.

Isbjørn

Ferske spor etter ein liten isbjørn gjekk langs stranda under heile fjellet. Han hadde prøvd seg på hyttedøra, men bare gjort minimal skade.

Reinsdyr

Tre reinsdyr, ein eldre bukk og to ungdyr, hadde fast tilhold ute på sjøve Fuglehuken. Ved Sutorfjella vart også tre individ sett i teleskop.

Kvalross

Den 8 juni låg ein del spreitte isflak rundt Fuglehuken. Vi observerte då 10 kvalrossar på isflak og to i vatnet, kor av den eine gjorde utfall mot polarlomvi i overflata.

Steinkobbe

Steinkobbe vart observert på vestsida under helikopterturen den 6 juni og eitt individ vart sett fra land ved Fuglehukfjella den 7 juni..

Kvitfisk

Det vart også observert ei samling av 20-30 kvitfisk i råka utanfor Bjørndalen under heimtransport 12 juni.

Kval

To blås av ubestemt kval vart sett nord i Forlandsundet 10 juni.

PRAKTISKE ERFARINGAR

Under arbeidet er det viktig å bruke svært god tid på å ta seg fram til eigna observasjonsplass. Det er også viktig at teleskopet er utstyrt med 60X okkular. I felt må det også stillast høge krav til stabilitet på stativ og funksjon på panoreringshovud. Dersom smømengdene hadde vore større enn i år ville ski vore nyttig. Dette gjaldt i år bare for austsida og på vestsida for området sør for Mosehjellen.


Siste dagen endra vi arbeidsmetoden slik at ein person vart igjen ved Fuglehuken og registrerte inn- og utflygingar av området i nord. Dette kunne vore ein aktuell arbeidsmetode, men då helst med ein tredje person tilgjengeleg. Det er mest uråd å gjere dei øvrige registreringane aleine og samtidig få sikre tal.

Vi hadde flotte arbeidsdagar ved Fuglehukfjellet, og opplegget rundt var fullt ut tilfredsstillande.

Mikael Lagerborg
Veg 228-14
9170 Longyearbyen
tlf: 79021843

Øystein Varpe
UNIS
PB 1099
9170 Longyearbyen
e-mail ut 1998: oystein@unis.no

Fastlandsadresse:
SØRE NESET
5200 OS



Figur 1: Kart over arbeidsområdet. Dei mest brukte beiteplassane for ringgås er ringa inn. Dei to trekka mot nordvest er også vist.

Tabell 1:

Merka ringgjess avlest ved Fuglehukfjellet 6-12 juni 1998

Nr.	Venstre fot	Høgre fot	6 juni	7 juni	8 juni	9 juni	10 juni
1*	raud grøn metall	gul YL kvit	x	x	x		x
2*	raud grøn metall	gul kvit				x	
3	raud (brei) metall	FT kvit	x				
4	FL kvit	grøn gul metall	x				
5	raud FT grøn/kvit	gul	x				
6	grøn DD grøn/kvit	orange gul metall	x	x			
7**	orange grøn	gul blå metall		x			
8**	orange DY grøn	gul blå metall			x	x	x
9	orange grøn	kvit grøn		x			
10	metall	AC kvit				x	
11***		blå raud metall				x	
12***	TJ kvit	blå raud metall					x

Nr. merka med *, **, og *** kan tenkast å vere same individ.

For nr. 9 fekk vi ikkje lest av bokstavkoden.

Nr. 10 er ei hoe.

Ringane som skrifa stod på var oftast kvite, men nokre verka nærast grøne.

11 og 12 juni vart det ikkje sett ringmerka fugl